

# Tannhelsetenester til bebuarar i institusjon aukar

**I ein rapport frå 2004 konkluderte Statens helsetilsyn at «tannhelsetjenestetilbudet i mange fylker til eldre, langtidssjuka og uføre ... gir særlig grunn til bekymring». Tannhelsestatistikken viser likevel at tilbudet til denne gruppa frå den offentlege tannhelsetenesta ser ut til å vere meir omfattande i 2008 enn i 2004.**

Tannhelsetenestelova slår fast at den offentlege tannhelsetenesta skal gi eit regelmessig og oppsøkjande tilbod til eldre, langtidssjuka og uføre som bur i institusjon. Etter forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene har pleie- og omsorgstenesta plikt til å etablere prosedyrar som sikrar nødvendig tannbehandling og god munnhygiene.

## Behov for samarbeid

For å kunne tilby nødvendige tannhelsetenester og sikre god munnhygiene for alle som bur i institusjon, er det viktig at den fylkeskommunale tannhelsetenesta samarbeider godt med pleie- og omsorgstenesta i kommunen, og at det er god informasjonsflyt mellom dei.

I åra etter 2004 har fleire av fylkesrevisjonane gjennomført revisjonar av den offentlege tannhelsetenesta. Fleire av desse har fokusert på korleis den offentlege tannhelsetenesta skjøttar tilbudet til dei prioriterte gruppene. Svikt i samarbeidet med kommunehelsetenesta er blant funna.

I 2004 tilrådde fylkesrevisjonen i Sør-Trøndelag at «*skriftlige samarbeidsavtaler mellom den offentlege tannhelsetjenesten og kommunehelsetjenesten bør etterstrebes, i den hensikt å forplikte hverandre til å gi et best mulig tilbud til pasientene*».

I 2006 fann fylkesrevisjonen i Vest-Agder at tilbudet til bebuarar i institusjon «*gjennomføres ikke tilfredsstillende*». Fylkesrevisjonen tilrådde at den offentlege tannhelsetenesta i Vest-Agder «*burde vurdere å utarbeide avtaler eller samarbeidskontrakter mellom tannhelsetjenesten og pleie- og omsorgstjenesten i kommunene*».

I 2007 avdekte Rogaland Revisjon «sviktende og svært varierende» rutinar og system i kommunane for samarbeid mellom den offentlege tannhelsetenesta og den kommunale pleie- og omsorgstenesta.

## Har noko skjedd?

Har noko skjedd sia desse rapportane blei offentleggjorde? Er samarbeidet blitt betre? Har eldre fått eit betre tilbod?

I 2008 rapporterte Fylkesrevisjonen i Nordland at: «*Samarbeidet foregår ved kontakt-/samarbeidsmøter mellom tannhelsetjenesten og leder for pleie- og omsorgsinstitusjoner og hjemmesykepleien. Fylkestannlegen vurderer samarbeidet som godt i mange kommuner. Tannhelsetjenesten har utarbeidet skriftlige rutiner som pleie- og omsorgstjenesten samarbeider med tannhelsetjenesten om å utføre.*»

Tannhelsestatistikk viser at tilbudet frå den offentlege tannhelsetenesta til eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon ser ut til å vere meir omfattande i 2008 enn i 2004. I Noreg er det om lag 50 000 bebuarar i institusjonar. I 2004 fekk 29 322 bebuarar undersøking eller behandling av den offentlege tannhelsetenesta. I 2008 var talet 32 030. I 13 av 19 fylkeskommunar har det vore ein auke i talet på bebuarar i institusjon som er blitt undersøkte eller har fått behandling.

I 2002 kom den offentlege tannhelsetenesta i Vest-Agder dårleg ut når det gjaldt kor stor del av bebuarar i institusjon som var under tilsyn av den offentlege tannhelsetenesta.

Da fylkesrevisjonen i 2006 kritiserte tannhelsetilbudet til eldre, langtidssjuka og uføre i Vest-Agder, sette fylkestannlegen straks i gang tiltak. No har den offentlege tannhelsetenesta i Vest-Agder samarbeidsavtalar med alle dei 19 kommunane i Vest-Agder.

